
Fra: Kari Patricia Kleppe <Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>
Sendt: 6. februar 2018 14:57
Til: Laila Bjørge
Kopi: Anny Bastesen; Arthur Kristian Arnesen
Emne: SV: Varsel om inndraging av tilskott Kårbø kai - ref tilsegn FU 18 Program for lokalsamfunnsutvikling 2008.

Hei

Då ein no ikkje kan realisera tilsegna sitt hovudformål, som var å utvikla Kårbø kai til ein god og funksjonell kai for næringsutvikling innan fiske og reiseliv, fell grunnlaget for tilsegna vekk. Dei kostnadane de syner til som ny asfalt og innkjøp av bord og benkar er nå å oppfatta som kommunens vedlikehaldskostnader. I tilsegna inngjekk dei som deler av eit større utviklingsprosjekt.

Eg legg Arthur K. Arnesen, fungerande næringssjef på kopi då eg rådførte meg med han og han signerer brev om inndraging av tilsegna.

Beklagar at det ikkje lykkast kommunen å vinna fram i høve til Kårbø kai. Vonar det i framtida kan bli ei god løysing for sambruk mellom kommune som eigar av kai og private grunneigarar med rett til sjøområda.

Venleg helsing

Kari Patricia Kleppe
Spesialrådgjevar
Regional | næring
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Mob: 90993968
Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

www.hordaland.no/naring | www.kom-an.no

Fra: Laila Bjørge [mailto:Laila.Bjorge@meland.kommune.no]
Sendt: 6. februar 2018 09:28
Til: Kari Patricia Kleppe <Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>
Kopi: Anny Bastesen <Anny.Bastesen@meland.kommune.no>
Emne: SV: Varsel om inndraging av tilskott Kårbø kai - ref tilsegn FU 18 Program for lokalsamfunnsutvikling 2008.

Hei

Viser til telefonsamtale. Me har sett litt i det historiske arkivet, og finn at det er gjort ein del av arbeidet som var planlagt i samband med utbetring av Kårbø kai.

Sak 143/09 UDU
Arkivsak 08/197

Kårbø kommunale kai fekk kr. 75 000,- i tilskott gjennom ordninga Lokalsamfunnsutviklingsmidlar (Hordaland Fylkeskommune), og Formannskapet har

løyvd kr. 25 000,- i tilskott til vedlikehald av den kommunale kaien. Dette førte til at Kårbø kai og vegen ned til kaien no er nyasfaltert, og det er komen opp bord og benkar. Ytterlegare vedlikehald er planlagd.

Vil det vera mogleg å rapportera på det som vart gjort. Dvs asfaltering og utbetring av tilkomsten, sjølv om ikkje resten av arbeidet vart utført pga av utfall av rettssakene om eigedomsretten. Tenkte at det var greitt å få svar på dette før me hentar fram gamle rekneskap

Venleg helsing

Laila Bjørge

Landbrukssjef i Meland og Modalen



Meland kommune
Tenesteområde Plan, Utbygging
og Kommunalteknikk
Postboks 79
5906 Frekhaug

www.meland.kommune.no

postmottak@meland.kommune.no

laila.bjorge@meland.kommune.no

Sentralbord 56 17 10 00 direkte
56171185, mob 957 35405

Fra: Kari Patricia Kleppe [<mailto:Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>]

Sendt: 3. januar 2018 16:05

Til: Laila Bjørge

Kopi: Anne-Grethe Stenhjem

Emne: Varsel om inndraging av tilskott Kårbø kai - ref tilsegn FU 18 Program for lokalsamfunnsutvikling 2008.

Hei Laila Bjørge

Syner til dykkar brev til fylkeskommunen den 30.11.2012 der de søkjer om utsatt arbeidsfrist tilskot til Kårbø kai – ref tilsegn FU 18 PL.

Utsetjinga var grunna rettsmøter om eigarskap til kaien.

Vi ynskjer no å få avslutta saka og ber om eit sluttregneskap og rapport i samsvar med tilsegna innan 14 dagar.

Er prosjektet ikkje realisert ber vi om ei orientering om status forut for inndraging av tilskot.

Venleg helsing

Kari Patricia Kleppe

Spesialrådgjevar

Regional | næring

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Mob: 90993968

Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

www.hordaland.no/naring | www.kom-an.no